

## Kva er det med Halvdan Koht, tromsøhistorikarane og nordnorsk mellomalder?

*Sigrun Høgetveit Berg*

Eg har fått oppgitt tittelen «Kva er det med Halvdan Koht, tromsøhistorikarane og nordnorsk mellomalder?» Jo, eg kan vera freista til å si at svaret på det ser ut til å vera ganske enkelt, det handlar om mange og gamle menn. Rett nok var også Halvdan Koht ung ein gong mellom anna då han vaks opp i Storgata her på Tromsø, som han konsekvent sa (frå 1873–1885), og som han også har skrive om i «Skoleminne frå Tromsø 1879–85» i *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*. Men biletet me har av han er vel som ein aldrande mann – men også som ein svært produktiv mann! Og for oss, ein kar me heidrar – med eigen plass, med fest kvart år og med talar inspirert av hans virke, som til dømes Koht & krigen, Koht & freden, Koht & Tromsø, Koht & Telemark, Koht & sagakritikken, Koht & Cristin. Han hadde ein enorm produksjon, med svært varierte tema. Men kva gjorde han for nordnorsk mellomalderhistorie? Det skal me koma attende til.

Først må me innom ein del andre karar, for å finne ut korleis dette feltet har skride fram. Og berre for å avklare det med ein gong – gamle menn har på ingen måte vore avskrekkande for mi interesse for faget. Dessutan – ikkje berre Koht, men dei andre var jo også yngre før. Eg òg.

Eg kom hit som fersk grunnfagsstudent i 1994 – og har altså vore her i meir enn halve historie si historie – og då var det Alf Ragnar Nielssen og Lars Ivar Hansen som hadde ansvar for mellomalderhistorie, begge med faste stillingar frå 1993, og Erik Opsahl var stipendiat. Men den første som hadde ei mellomalderstilling, var Narve Bjørge, tilsett allereie i 1973. I følge Randi Rønning Balsvik sin artikkel i boka med glimt frå dei 30 første åra med UiT, var det i denne pionertida riving mellom plassen mellomalderhistorie skulle ha i høve til etterkrigshistorie. Dei fekk vel plass begge to, men Bjørge drog mellomalderhistoria rett inn i det norske og nordiske historiefellesskapet, og ikkje mindre enn sju hovudfagsstudentar gjorde lokale studiar som del av det norske og nordiske ødegårdsprosjektet. Av desse er to vorte professor, ein førsteamanuensis, to museumsdirektørar og ein bygdebokforfattar – som seier litt om kor kjekt og spennande dei syns det må ha vore med pest, avfolkning, elendigheit og øydelegging – men òg gjenreising. Alf Ragnar Nielssen var ein av desse, som etter han var her ved UiT seinare har arbeidd i museumssektoren og ved Nord universitet, med nordnorsk kyst-

og fiskerihistorie, nordnorske vikingar og utvandrarar med landnåm i vest, og samisk historie – ikkje minst den første samanfatta framstillinga av samane i Lofoten som kom no i 2022.

På 80-talet tok Bjørge meir og meir institusjonelt ansvar, som dekan og deretter rektor ved universitetet frå 1985–89, og frå 1980 til 1990 var Helge Salvesen fast tilsett på mellomalder. Han hadde også vore sentral i arbeidet med øydegardsprosjektet, mellom anna som medredaktør for hovudpublikasjonen om dei norske undersøkingane i 1978, *Ødegårdstid i Norge*. Men også Helge vart eksportert høgare opp i universitetssystemet, til direktørjobben på Universitetsbiblioteket, og kan såleis stå som eit døme på dei mange toppstillingane ved dette universitetet me har levert historikarar til.

Også Lars Ivar Hansen var tilknytt øydegardsprosjektet og redigerte ei bok med utvalde emne frå nokre av punktundersøkingane. Men då han fekk fast stilling på instituttet, hadde han for lenge sidan starta med det som skulle ta han i ei ny og viktig retning, nemleg samisk historie. Doktoravhandlinga hans frå 1990 om samisk handel mellom 1550–1700 er framleis eit referanseverk, som han både i artiklar og bøker har utvikla og utdjupa dei siste tretti åra.

Arverett er eitt av hans andre store interessefelt. «Alt handlar om arv», brukar han å seia, og undervisningsemna «Kvinnens samfunnsmessige posisjon i middelalderen» og «Arv, eiendom og giftermål i europeisk middelalder» rekrutterte mange nye mellomalderstudentar. Særleg i arverettsforskinga har han vore ein føregangsmann med grunnleggande kjønnspektiv, som har skaffa han ein stor tilhengarskare rundt om i Norden. Framleis arbeider han med publikasjonar etter det store arverettsprosjektet som han var leiar for på Senter for grunnforskning i 2014/15. Lars Ivars virke er elles prega av inspirasjon frå andre fagfelt, som sosiologi, antropologi og arkeologi, med ei heva teoretisk tilnærming, kombinert med nøye kjeldestudium og ikkje minst stor språkinteresse og -dugleik. Denne mangfaldige kompetansen hans fann sitt fremste uttrykk i Astafjord bygdebok i to band. Og som ein del av Astafjord – det utruleg spennande Trondenes kannikgjeld med sitt smykke av ei kyrkje, som han har forært meg.

I 1999 kom så Richard Holt – frå Birmingham via Harstad – og tok for alvor med seg sentrale emne frå europeisk mellomalder hit til oss. Hans eigne interesser har særleg vore knytt til byhistorie, som jo ikkje akkurat var eit overutforska emne i norsk mellomalder, naturleg nok, og teknologihistorie. Spør Richard om møller, og du har det gåande. Og veldig mange av våre historiestudentar har møtt den sanslege, mystiske, mangfaldige og på ingen måte mørke

mellomalderen, gjennom Richard sitt populære emne om den engelske benediktinarmunken Jocelyn de Brakelond i Bury St Edmunds.

Han har også kost seg, trur eg, med å poengtere at Harald Hårfagre like gjerne kan vera ein rein sagakonstruksjon som Noregs første rikssamlar, og han har snudd både den nordnorske og den norske besettelsen med Stiklestad, Olav Haraldsson og Tore Hund på hovudet, og heller vist oss kven som verkeleg var interessant og hadde makta i Noreg tidleg på 1000-talet, nemleg danskekongen Knut den mektige. Det skal også seiast at han har vore med og bygd og styrka den nordnorske historiebevisstheita rundt håløyjarlane og seinare ladejarlane – og betona viktigheita av handelen dei kontrollerte langs kysten – som ein vel så sentral del av «rikssamlingsprosessen», som det dei dreiv og styra med sørpå.

Det er det også ein annan kar som har gjort. For under nemninga «tromsøhistorikarane og nordnorsk mellomalder» er det ein til som må med, sjølv om han ikkje har vore ved instituttet, og det er Håvard Dahl Bratrein på Tromsø museum. Han er *grand old man* i nordnorsk mellomalder, har ein stor og vid produksjon, ikkje minst retta mot den allmenne historieinteresserte, gjennom til dømes mange titals artiklar i tidsskriftet *Håløygminne*. Og bygdebøkene for Helgøy og Karlsøy står som liknande pålar som Astafjord-bøkene til Lars Ivar, i den norske paradegreina «bygdebøker av stor historiefagleg verdi».

Eit anna miljø som har vore heilt uvurderleg for mellomalderhistorie-forskinga her i Tromsø, er sjølvsagt våre nære fagfellar på arkeologi. Universitetet i Tromsø var først ute med det som er vorte kalla historisk arkeologi, og heilt sidan pionertida har historikarane og arkeologane saman jobba fram kunnskap om samfunna på nordkalotten i eldre tid. Meir varige forskingsresultat har også kome ut av dette samarbeidet, som Charlotte Damm sitt store prosjekt på Senter for grunnforskning i 2008/09 – «Early Network in North Fennoscandia» – der Lars Ivar var med, og ikkje minst det som er vorte standardverket om *Samenes historie fram til 1750*, av Lars Ivar og Bjørnar Olsen.

Men det aller viktigaste desse miljøa har fått til saman, er den fleirfaglege forskingsgruppa vår, CNN (Creating the New North). Gruppa vart etablert så tidleg som rundt 2005, og voks fram av eit ønske og ein vilje og ei forståing av at det er heilt nødvendig å samle ulike faglege krefter, når ein vil «skapa ny kunnskap om korleis dei nordlegaste områda i Europa gjekk frå å vera prega av eit ope samspel mellom ulike etniske grupper, til å utgjera nordlege periferiområde underlagt veksande statar med administrative senter lenger sør», som det står i programerklæringa vår. No er gruppa ein fagleg heim for alle som arbeider med eldre

tid her på UiT – historie, arkeologi, religion, kunst-, litteratur- og kulturhistorie – men framleis med utgangspunkt i dette instituttet. Kjernetroppen – eller eldrerådet, som me kalte dei, var heile vegen Lars Ivar Hansen, Richard Holt og Reidar Bertelsen – som held i taumane heilt til me i Yngrerådet, Ian P. Grohse, arkeolog Marte Spangen og underteikna, tok over i 2018.

CNN har jobba med større og mindre prosjekt, individuelt og mange i lag, der den største innsatsen *som gruppe* har vore med NFR-og Tromsø forskingsstiftelse-prosjektet «Den langstrekte reformasjonen i Nord-Noreg» – med mellom anna ei ph.d.-avhandling, ein monografi, tre antologiar, ein konferanserapport, eit *Ottar*-nummer og ei utstilling på Tromsø museum som synlege resultat. I god Tromsø-ånd, vil eg seia, har me også henta mykje lærdom ved å reise ut i Nord-Noregs historiske landskap i lag, og ikkje minst til mellomalderkongressen i Leeds, Europas største humaniora-konferanse, som den iherdige Richard Holt introduserte oss for og insisterte på at me bidrog på – som CNN – år etter år. Det heile toppa seg, kan me vel seia, då me i 2018 feira Richard sine 70 år, med instituttkollegaer og fleire av hans tidlegare studentar på slep, først med tre sesjonar under konferansen og deretter med reiseseminar i Richards forskingsspor i England – til Birmingham og hans kjære Worcester.

Med ein tradisjonell og streng mellomalderdefinisjon er det avlagt 29 hovudfags- og masteroppgåver i mellomalderhistorie ved UiT, men det er likevel ikkje fleire enn fire som har si doktoravhandling herifrå – to trønderar og to søringar (Helge Salvesen 1979, Erik Opsahl 2007, Sigrun Høgetveit Berg 2014 og Miriam Tveit 2017). Men om me tek med tidleg, tidleg nytid, har me sjølvsagt Lars Ivar Hansen 1990, Siv Rasmussen i 2016 og Håkon Hermanstrand 2021 – alle om samiske tema – og fleire har disputert innan historisk arkeologi.

Men det er jo so mykje meir enn avhandlingar – og i bøker og artiklar og oppgåver og rapportar av ulikt slag, kan me oppsummert seia at mellomaldermatikkane her på huset mest har vore knytt til

- busetjingshistorie, ressursutnytting, eigedomstillhøve, handel og vandel i det fleirkulturelle nord
- svartedauden og følgjene av den
- betydninga av fiske, fiskevær, sesongfiske og fiskarbondetilpassing
- hansaens betydning og dei internasjonale politiske og økonomiske nettverka norske og samiske interesser inngjekk i
- nordnorsk høvdingar, ekspanderande sentralmakter, lovgjeving, utbreiing av kyrkjeorganisasjon og kristendomens påvirkning på land og folk

Mellomaldermiljøet har sjølvsagt også sett sør for Dovre og over Kattegat og Nordsjøen etter interessant empiri, men me kan vel trygt slå fast at gjennom 50 år har me verkeleg levert på oppdraget om landsdelsrelevans og å skrive Nord-Noreg si eiga historie, ved å gjera den nasjonalt viktig og transnasjonalt interessant. Og ikkje minst ved å syne at Noreg ikkje vart fleirkulturelt på 1970-talet.

Så kva med Halvdan Koht? Kva slags innsats gjorde han for nordnorsk mellomalder? I bibliografiane til Koht som Kåre Haukaas og Halvdan Skard har gjeve ut, er 26 oppføringar kategorisert under «Nord-Noreg». Ymist meir kunne kanskje høyrte til der, men likevel, det er ikkje overvettas mykje om Nord-Noreg, Kohts totale bibliografi tatt i betraktning. Og åtte til ti av desse 26 skriftstykkane er om eldre historie, dei fleste skrivne før krigen. I starten handla det om Hålogane og Hålogaland, norsk busetjing i Finnmark, om Tromsø og tromsøkyrkja – og første gong han eksplisitt tek opp det samiske er i tidsskriftet *Maal og Minne* frå 1923, der han spør om «finnane» alltid var finnar? Og prøver seg med eit svar om at i dei eldste kjeldene og stadnamna tyder «finn» trollkunnig – ei slags overføring av tyding fordi dei gamle nordbuane visste at finnane, altså samane, var særleg god på trolling. Kor lang tid det tok før han kom på betre tankar er vel litt usikkert, men i to store oppslag i Arbeiderbladet i 1958, der han presenterer og kommenterer Vorren & Manker si bok *Samekulturen* – slik at søringane skal få opp kunnskapen sin om samane – gjev han utførleg greie for kvifor me skal bruke nettopp ordet «same».

Spørsmålet er: Kva hadde Koht gjort om det vart eit universitet og eit historieinstitutt i Tromsø i hans produktive levetid? Det får me aldri veta, men det er moro å leike med tanken på kva for tema han då hadde rekt over.

Fast tilsette i mellomalderhistorie ved UiT:

- Narve Bjørge – frå 1973
- Helge Salvesen – frå 1980
- Alf Ragnar Nielssen – frå 1993
- Lars Ivar Hansen – frå 1993
- Richard Holt – frå 1998
- Ian P. Grohse – frå 2017
- Sigrun Høgetveit Berg – frå 2017